

Informasjon til nye studentar på faglærar musikk i Bergen

Velkommen som ny student på faglærarutdanninga i musikk! Informasjon om oppstarten finn du her: <https://www.hvl.no/student/studiestart/>

Det vert digital registrering 16.august, og fysisk oppmøte på campus Kronstad 18.august.

Praktisk informasjon og utstyr:

I løpet av dei to første vekene skal de få ei samspelsoppgåve. Ta med deg instrumentet ditt til første undervisningsdag 18.august.

Utstyr hovudinstrument:

- Alle songarar må ha eigen mikrofon og mikrofonkabel (xlr-kabel). Ein standard Shure SM58 er godt nok.
- Instrumentalistar: Eige instrument, og evt kablar.
- Trommisar: Vi har trommesett på huset (du må ha eigne trommestikker).

Du må skaffe deg bøkene "Hørelære - Med på notene" og "Hørelære- rytmefortelling" av Niels Eskild Johansen då vi skal bruke denne tidleg i semesteret. Resten av pensumbøkene får du informasjon om ved oppstart. Det blir lagt opp til ein kartlegging med tanke på kva de kan få før i musikkteori og hørelære i løpet av dei første to vekene. Dersom du ikkje har hatt noko undervisning i musikkteori anbefaler vi deg på det sterkeste å lese deg opp i løpet av sommaren. Tips til bok: "Musikkteori" av Knut Djupdal, eller grunnleggande musikkteori-kapittel frå boka "Nyt Notene" av Tone Ophus.

Undervisninga på faglærarstudiet vil veksle mellom fysisk undervisning på campus og digital undervisning saman med resten av klassen på Stord. Det er ikkje undervisning kvar dag, men vi understrekar at studiet er eit full tids studium der ein forventar at studiedagar vert nytta til eigenarbeid (t.d øving, praksisførebuing, individuell undervisning m.m.). Praksis første semester vert organisiert i grupper og gjennomført som punktpraksis i barneskulen. NB: Det kan bli endring av undervisningsdagar.

Reising:

Veke 40 reiser vi på studietur til Ole Bull Akademiet på Voss, saman med andre musikkstudentar på Stord og i Bergen. Det blir ei veke med folkemusikk og kjekke aktivitetar. Dette er ein subsidiert tur, men du må sjølv dekke 700 kroner til kost/losji, samt utgifter til reisa. Vanleg reiserute er tog frå Bergen til Voss. Det er mogleg å køyre sjølv, då må ein i tillegg rekne utgifter til parkering.

Vi organiserer med jamne mellomrom fysiske treff på tvers av campus Stord og Bergen. Nokre gonger kjem dei frå Stord på besøk til Bergen, andre gonger reiser de i Bergen til Stord. Reise vert då dekka av instituttet.

Veke 41 er det studieveke.

Har du spørsmål i forkant av studiestart kan du sende mail til jonas.olsen@hvl.no

Vi glieder oss til å møte deg!

